

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2017/2314-56

**Saksbehandlar**

Geir Mogren

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	16.11.2017
	Kommunestyret	30.11.2017

## Budsjett 2018

### Innstilling frå rådmannen:

- 1) *Kommunestyret godkjenner driftsinntektene for budsjett 2018 slik det går fram av vedlagte forslag til Budsjett 2018 . Driftsramma vert sett til kr.821,2 mill.*
- 2) *Kommunestyret godkjenner følgjande fordeling av driftsramma:*

	2018
<b>Oppvekst</b>	305 256 295
<b>Omsorg</b>	394 640 652
<b>Teknisk</b>	72 031 263
<b>Seksjoner</b>	59 442 867
<b>Rådmannen</b>	3 952 815
<b>Kyrkje</b>	9 709 881
<b>Kulturtilskot</b>	3 333 875
<b>Politikk</b>	5 963 998
<b>Sentralt ført (inntekter) -</b>	33 101 357
<b>SUM</b>	821 230 288

- 3) *Kommunestyret godkjenner investeringane i budsjettet for 2018 slik det går fram i vedlagte rekneark med desse rammene:*

		2018
Sjølvkost (vatn/avløp)		61 917 572
Kvinnheradspakken		15 000 000
Andre investeringer		147 337 979
SUM Investeringer		224 255 551
Låneopptak		-191 787 955

- 4) *Ordføreren si godtgjersle for 2018 blir sett til 95,0 % av løna til ein stortingsrepresentant, medan varaordføreren si godtgjersle for 2017 blir sett til 15,0 % av ordføreren si godtgjersle.*
- 5) *Inntekts- og formuesskatten for 2017 blir utlikna etter dei satsar som Stortinget bestemmer.*
- 6) *Marginalavsetjing av innbetalt skattesum blir sett til 9,0 %.*
- 7) *I medhald av eigedomsskattelova § 2, 3 og 4 blir det i 2018 vidareført utskrivning av eigedomsskatt.*
  - a. *Eigedomsskatteområdet er faste eigedommar inkludert verk/bruk og næring i heile Kvinnherad kommune etter Eigedomsskattelova § 3 a.*
  - b. *Skattesatsen for kommunen vert sett til 7 ‰ , jamfør Eigedomsskattelova § 11. Skattesatsane vert differensiert ved at skattesatsen som skal gjelda for bustad og fritidseigedommar vert sett til 2 ‰. jf. § 12*
  - c. *Skattevedtektene i kommunen etter Eigedomsskattelova § 10 er justert i tråd med nye regelendringar som gjeld frå 2013, og som er godkjende av kommunestyret den 20.12.2012. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.*
  - d. *Skatten forfell til betaling i 4 terminar, og vert sendt ut saman med kommunale avgifter.( Eigedomsskattelova § 10.) I medhald av Eigedomsskattelova § 7 bokstav a og b, vert det fritak for eigedomar til stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylket eller staten, samt bygningar av historisk verdi.*
- 8) *For 2018 blir det lagt opp til ei samla investeringsramme på kr. 224,3 mill.*
  - a. *Låneopptak til investeringer er kr. 191,8 mill.*
  - b. *Låneopptak i Husbanken til vidare utlån vert sett til kr. 25,0 mill.*
  - c. *Eigenkapitalinnskott til KLP er kr. 3,3 mill.*
  - d. *Unyttta lånemidlar i 2017 vil ved budsjettrevisjonen våren 2018 bli trekt frå låneopptaket.*
  - e. *Alle løyvingar til tiltak i investeringsbudsjettet som blir overført frå eit år til neste skal visast i årsmelding og godkjennast av kommunestyret.*
  - f. *Låna får ei løpetid i tråd med kommunelova § 50.*
  - g. *Avdraga blir sett til maksimum 40 år.*
  - h. *Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra innan vedtekne budsjettrammer.*
- 9) *Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Kvinnherad kommune, og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i 2018. Rådmannen får fullmakt til å avgjere kva lån som skal nedbetalast, uavhengig av tidlegare vedtak om nedbetaling.*

- 10) *Det blir sett av investeringsmidlar til vatn og avløp som er i tråd med vedteken «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp». Prosjekt som det ikkje spesifikt er sett av midlar til, men som vert finansiert frå «Diverse investeringar», skal godkjennast politisk dersom tiltaket kostar meir enn kr. 1,5 mill.*
- 11) *Eit mogeleg positivt premieavvik for pensjonsinnbetalingane skal setjast av på eit avviksfond. Kostnaden relatert til tidlegare premieavvik skal dekkast av dette fondet og av oppspart bufferfond.*
- 12) *Frå 01.01.18 eller frå den tid det er lovleg eller praktisk kan gjerast, vert gebyra innanfor sjølvkostområda endra som det går fram av vedlagte rekneark*
- 13) *Byggesak, Kartforretning og Private reguleringsplanar vert endra tilsvarande konsumprisindeksen.*
- 14) Feiing og brannalarm  
Etter krav i «Forskrift om brannforebygging av 01.01.2016», har Kvinnherad kommune med heimel i §17 innført feiing og tilsyn for fritidsbustadar og næringsbygg på lik linje med bustadhus. Frekvens feiing: 2. kvart år bustadhus, 4. kvart år fritidsbustadar, næringsbygg etter behov. Frekvens tilsyn: 4. kvart år bustadhus og fritidsbustadar, næringsbygg etter behov.
- 5 % auke Feiing bustad 1 løp, 2. kvart år + tilsyn kvart 4. år
  - 5 % auke Feiing bustad 2 løp eller fleire, 2. kvart år + tilsyn kvart 4. år
  - Nytt gebyr, Feiing og tilsyn fritidsbustad, kr 313,- inkl. mva
  - Nytt gebyr, Feiing og tilsyn næringsbygg, fakturert etter utført teneste,
    - a) Feiing og tilsyn 1 løp, kr 630,- inkl. mva
    - b) Feiing og tilsyn 2 eller fleire løp, kr 879,- inkl. mva
  - Auke 1,6 % for Utrykking nødvendig brannalarm meir enn 1 gong pr. år
- 15) Hamnestell.  
Frå 01.01.2018 skal Kvinnherad kommune gå inn i ein administrativ vertskommune-modell etter KommuneLOVA §28-1b som organisatorisk løysing. Stord kommune vert delegert alt ansvar etter «Lov om havner og farvann». Unnateke er saker av prinsipiell karakter. Kvinnherad kommune sluttar seg til lokal forskrift for Stord kommune og vedtar innføring av same type hamnegebyr og gebyrstorleik som for Stord kommune frå 01.01.2018.
- 16) *Frå 01.01.18 eller frå den tid det er lovleg eller praktisk kan gjerast, vert alle andre avgifter, gebyr og betalingssatsar auka tilsvarande konsumprisindeksen dersom ikkje anna er bestemt i budsjettpremissane, særlover eller punkta nedanfor (sjå vedlagte rekneark for detaljer om satsar/avgifter):*
- a. Seksjoneringsaker som krev synfaring vert endra etter Staten sine satsar*
  - b. Seksjoneringsaker som ikkje krev synfaring vert endra etter Staten sine satsar*
  - c. Barnehagesatsane vert sett lik Stortinget sine maksimalsatsar*
- 17) *Kommunale avgifter/gebyr og eigedomsskatt vert frå 01.01.2018 fakturert på same faktura. I samband med dette vert tal terminar endra til 4. Forfall vert 15. mars, mai, september og november. Faktura under kr. 1 000, vil forfalla på første termin.*
- 18) *Kommunestyret set ramma for Kontrollutvalet til kr 1.100.000.*

**19) I ramma til Seksjon Kultur, næring og utvikling vert det sett inn kr 1.200.000,- til styrking av planarbeidet samt etablering av ein ressurs til næringsarbeid**

**20) I ramma til Seksjon Stab vert det sett inn kr 400.000,- til styrking av dokumenthandsaming, merkantile tenestert, informasjon m.m.**

**21) I ramma til Omsorg, helse og sosial vert det etter nasjonale føringar lagt inn styrking av Rus og psykiatritenesta med kr 900.000,- Vidare vert det sett av kr 400.000,- bunde til dag-tilbod ved Varaldsøy omsorgsbasis ( Varaldsøy aldersheim ) og kr 200.000,- til tilsynsordning / vaktordning.**

**22) I ramma til Oppvekst vert det etter nasjonale føringar lagt inn til styrking av tidleg innsats med kr 600.000,- og barnevern med kr 600.000,-.**

**23) Det vert sett av kr 600.000,- til å dekke kostnadane til medlemskap i Reisemål Hardanger**

#### **Saksutgreiing:**

Rådmannen syner til vedlagte Økonomiplan 2018-2021 og til vedlegg Budsjett 2018.

Det vert i forslag til vedtak lagt vekt på at den totale driftsramma som blei vedteken i økonomiplanen i kommunestyret den 31.august 2017 dannar grunnlaget for Budsjett 2018.

Kommunestyret vedtok i dette møtet dei to første punkta i innstillinga:

1. Vedlagte Økonomiplanen for 2018-2021 vert vedteken.
2. For 2018 vert ramma for drift sett til kr. 816,4 mill

Som vist i budsjettdokumentet vil rådmannen endra ramma for budsjett 2018 til kr. 821.230.288. Endringa er som følge av tildelt ramme i samband med statsbudsjettet samt vurdering av andre inntekter korrigerert til det ein har oversikt over på dette tidspunkt. Det vert lagt opp til eit mindre overskot. Den reviderte ramma for 2017 var kr.823.144.587.

Den største endringa av ramme som er gjort er i forhold til Omsorg, helse og sosial. Det vert sett av ekstra midler til dagtilbod og vaktberedskap på Varaldsøy omsorgsbasis ( kr.600.000).

Rådmannen foreslår å auke løyving til politikk med kr.1.000.000 ( Ny post: Til formannskapet sin disposisjon). Dette med grunnlag av at det gjennom året oppstår situasjonar eller det kjem fram saker som bør løysast raskt.

Det vert lagt inn ein post på kr.600.000 dersom Kvinnherad kommune sluttar seg til Reisemål Hardanger. Det er i slutfasen på ein prosess i Reisemål Hardanger der det har søknaden frå Kvinnherad kommune har vore handsama. Det ser ut til at det vert opna for slikt medlemskap.

Prosess vidare med budsjett 2018 vil vera fordeling frå dei 8 rammene ut i den enkelte eining og avdeling under rådmann.

Forslaget til vedtak byggjer elles på dei formalkrava som budsjettvedtaket har når det gjeld skattar, avgifter og betalingsordningar for diverse tenester.

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett ligg ved ( ynskje om kr. 1.326.351) . Rådmannen foreslår i punkt 17 same løyving som for 2017- kr. 1.100.000

Vedlegg:       Økonomiplan 2018-2021  
                  Budsjett 2018  
                  Forslag til betalingsattsar 2018 for kommunale gebyr, alle tenesteområde.  
                  Forslag til Investeringsbudsjett 2018  
                  Forslag til budsjett frå Kontrollutvalet